

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12.

Tilleggsspørsmål nr. 12.

Emne: Gamal engkultúr.

Oppskr. av: Olav Fjörtoft

(adresse): Fjörtoft

Fylke: Møre og Romsdal.

Herad: Haram.

Bygdelag: Fjörtoft

Gard: Fjörtoft Møre og Søre.

G.nr. 3. Br.nr. 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Oppskrifta er etter eiga røynsle frå 1895 til no, slik som det den tid var og seinare har utvikla seg.

B. Oppskrifta frå endå eldre tid er etter skildringar som 70-80 år gamle folk har gjeve etter overlevringar som går attende til 1800-åra. Mi mor og farsyster som var fødde sist i 1840 åra har fortalt meg mest.

Dei ymse nemningar som er tekne med er imo levande ord i ~~for~~ bygdemålet, og dei er sers gode kjelder om arbeid og arbeidsveiskap. Dei fleste gamle arbeidsveiskap er no borte, men eg brukte dei sjölv som barn sist i 1890-åra.

1) Ordet eng er i faram brúkt som samnemne for all innmark. Nemninga brúkt både om kúnteng og oppgjödsla mark som ikkje har vori áker. Natúreng.

Ordet ekre er kjent og brúkt og er eit gammalt ord i bygdemålet. På Fjörtoft har vi og stadnamnet Ekra om eit gardsbrúk. Ordet er her avleidd av áker. Tydinga no er atlagd áker

Attelege er likevel det mest nytta namnet og tyder áker som er atlagd til eng. Vi brúkar det framleis når ein sár grasfró i áker. T.d. „gjödsle attelega“, „slá attelega“, „plögje oppatt attelega.“

Land og lende og gamle nemningar for visse engstykke. Her er sáleis stadnamna „Stylenda“, „Gvelandet“ (av over) og Nedrelandet. Desse innmarksstykkja har skift fleire gonger frá áker til „attelege“ og omvendt.

Frá gammalt har ein skilt enga etter avkastning og útsjánad i: 1) Fjúkkeng, som gav (gjev) flottaste og beste grasel, 2) Smáeng, som gav mindre og ringare avling, og 3) Rúskeng eller skrapmark, som gav minst. Den siste er helst bergút og steinút og mátti sláast med stúttorr.

Om höyet var (og er) det ymse nemningar etter kvaliteten: Langhöy (det beste) smáhöy (nest best), Skraphöy og mosehöy. Det siste frá mosemyrar med grasvaks.

9

Utblåttar har det ikkje vore her. Men på imböen skil ein alltid mellom langorvslått og stuttorvslått. Stuttorvslått har no gått ut som ulønsam.

2. Rydjing.

Det siste arbeidet i vårvinna var og er rydjinga av eng og åkerreiner. Dette arbeidet har i Harems-målet tittelformia „å ry“, „Ry markene“, „Ry reinene“. Arbeidet går ut på raka saman og køyra bort størst klumpene av naturgjødsla på enga, tare som hadde legi til overgjødsling, småstein, treflis og anna reisk og ugras langs åkerreinene. Døngane ein raka i hop kallast „ry-døngar“. Skinar som kom opp i enga, søkte ein å få opp, om dei ikkje var for store. Då minekræftet og dynamiten kom, fekk ein sprengja bort dei store.

Tare-døngane etter ryjinga vart køyrde på havreåkeren til overgjødsling. Slik overgjødsling var kalla „yve-fad“- og heiter så enno.

3. Mosevaksen eng var det brukt å friska oppatt gras vokstereu på med høyfrø frå løa som ein sådde utover. Men det var vanleg å bryta slike eng opp til åker for korn, eller reitar til poteter, dersom ikkje stykka var for våte av ståande grunnvatn.

4) Myr og vassjuk eng. Kor tidleg ein på desse kantar tok til å ta opp og steinschjæreiker (grøfter) i åker og eng er det uråd å lidfesta. Men i største og beste

3.

Åkreflotane var det brükt kistsette
gröfter för 1800-talet. Disse gröftene
münna ut i nedre kant av reina og vatnet
frå gröftene gjødsla då opp grasmarka
neda for åkeren. Der ville gjerne bli
svært vått, og slike engstykke kallast
"vöter" (vöter) avleida av vätt lende.
Dette var og ei form for vatning av
eng med gjödselvatn.

Ei anna vatningsform med gjödsel-
vatning, så lenge det var gjödseldyngjet
og opne fjösdüngar på gardane, var
å ~~spå~~ små opp små veiter frå düngene
og bort til næraste engstykke eller atto-
legene. Namnet på slike veiter er skot-veiter
Skyljevatt frå Stochusa gjekk og mykje
den vegen.

5. Gjödsling.

Vintergjödsling på eng har frå æminnetids-
tider vore brükt med "fare og tang".
Faren eller tanget höyrde ein opp frå skanda
og breidd den ut over enga om hästen
og vinteren. Etter kvart den rotne på
marka, vart det god gjödsel å grasel.
Om våren vart alt raka av att.

2) Gjödsla frå sümarsjösa vart oftast
höyrt heim og breidd utover visse eng-
stykke om hästen eller hästheitinga
var stilt. Anna vintergjödsling har
ikkje vore brükt. Utslättar har ikkje
vori brükt.

Sæmök har aldri vori brükt til
enggjödsel. Den måtte alltid nyttast til
pöcker eller bygg. Slike er det erno.

5.
Når det gælder husdyrgjødsel, var det vanlig å rekna eit viss lasse-tal på kvart engstykke, alt etter kvaliteten av enga (jordsmøn og hevd). Med tare dekk ein heilt mark.

6. Serskiitt namn for eng gjødsel med vintergjødsel er ükyent.

7. Uthüsa var det vanlig å setja slik at mest mogeleg av enga nedafør fekk tilsig av gjødselvatnet frå fjösdüngen og serskilde grisehus. Ofte stod og stovehüsa slik at kün-siget derifrå künne koma grasmarka til gode mest mogleg. Namn på slikt gjødselvatn-sig var fjösiget og kjökendyngje-siget. Til å få siget spreidd mest mogleg übover, tok ein små veiter eller gröfter i grasforva som vatnet fylgde.

Ein sersmerkt måte²⁾ nytta üt siget på, skal eg få nemna i samband med dette. Med torskefisket stod på i febrüar-mars brukte ein alltid å köyra fiskestøet (støet, som ein her seier) opp på bakkehäll og hängar og la det i små düngar som ein dekte over med tare for fuglen. Når dette rotna, seig gjødsel ünna bakken og gjødsel bädde bakke skränninga og flata nedafør. Den delen av fiskesløet ein nytta til dette var iselen. Eit serskiitt namn for slikt fiske-immat, og som enno lever i bygdemålet, er "gjenne". Fiskeryggene vart nedplögde i åkeren, sers mykje brükt til potetgjødsel.

2) Torskehövüda var för i tida sers god enggjødsel. Dü vart nytta üt på

denne måten: Med ei treklübbe, kalla
 „pinn=klübbe“, som var spiss i den eine enden
 og tverr i den andre, slo ein med spissenden
 hol i marka med visse mellomrom. I
 kvart hol stakk ein ned ^{med} snuten fyrst eit
 forskehovud. Med tverrenden av klübbe
 slo ein så hovudet ned i jorda til litt
 under overflata. Her rotua det opp og
 gjødsla marka. I myrjord var dette
 ein effektiv gjødslingsmåte (på grunn av
 det rike fosforinnhaldet i forskehovud).
 Dette arbeidet kalla dei „å pinna forske=
 høud.“ Då güanofabrikane kom, og forske=
 hovud vart ~~st~~ salsvare, stutta denne
 gjødslingsmåten, som sikkert var like
 gamal som jordbruket på øyane her.
 Tok stult kring år 1900.

8. Enga vart alltid gjødsla om våren
 med hüsdyr gjødset. Gjædan eller aldri om
 hävsten. Utköyringa av gjødsla gjekk for
 seg med slede i eldste tida. Etter 1800
 er det sikkert at også vogn- og kjerr-
 kom i bruk. Etter 1870-åra herre med kjerre.
 Arbeidsreiskapa var greip og grev. Før jern=
 greipene kom i ^{kring 1870} handelen, var alle greiper av
 tre. Til gjødslingsarbeidet ~~var~~ på eng og
 åker var det 2 storleikar på greipene.
Lessegreipa var størst. Med den leste ein
 gjødsla opp i kjerra eller sleden. Med grev
 delk ein bassel opp i jannustore tungar
 på eng. Breiarane, oftast kvimmene og
 større born, tok så over resten av arbeidet.
 Med grev smådra dei gjødsla høvelig fin
 og spreidde ho utover marka med
breie=greipa. Ho var like lessegreipa, men

17.
var lettare og hadde kortare tar. Størst
og sterkast- og tyngst- var tare:greipa
som ein leste taren med. Det var så
tungt at berre vaksne menn folk greidde
dette arbeidet.

Gjødelspreiinga går for seg stort
sett like eins emno. Men tregreipa er om-
bytt med stålgreipa, og med gjødset-
harv smuldrar ein gjødsla på marka
etter breiinga. Gjødsetharva kom ibrukt
ved 1900-åra.

9. Beiting av engar

I bygdene her er berre haustbeiting
ibrukt for storfeet. Tåene kan delvis
beita litt om våren med lammar er
små. Var vårbeiting nyttå til storfe,
var årsaka for lite vinterfor. Dette var
likevel sjeldan. Haustbeiting var berre
for utnytting av hagraset, ikkje for
gjødslinga skuld. Vårbeiting har
alltid vori halden for skadelig for engar.
Fyrste års eng - ofte og andre års - vort
aldri beita. Dette er og gammal tradisjon.
„Ny:attelega må få seja sterke rotbotn“,
sa dei gamle.

10. Haustbeiting på eldre eng er emno
i bruk. Men fleire og fleire går no over
til særskilde kulturberte, og hagraset
slege og nedlagt til silofor. Siloar kom
i bruk mellom 1910 og 1920 på dei fyrste
bruka, emno er emno ikkje heilt gjennom-
ført over alt.

11. Det var tidels bruk å jamna ut
over gjødset som dyra ba etter seg på
beitet, men svært lite dei siste 50 åra.

Reiskapen som var brukt, var ei rive med stift sterkt hovud og sterkt skaft. Sjølve skapet skilde seg elles lite ut frå ei vanleg rive. Namnet på reiskapen var gjødsekkare og mökakare (av „kara utover mök“). Andre namn kjemmer ein ikkje her.

12. Overnatting på beitet.

Var det mildt ver om sūmaren, overnatta kyrne ute. Dei „låg ute“. Dei vart mjølka på fri mark morgon og kveld. Men var veret kaldt og surt, vart kyrne alltid hatt inn i særskilde sūmarfjøs, som stod utafor bågarden. Gjødsla frå sūmarfjøsane vart høyrd heim på bøen. Sūme gardar hadde 2 til 3 sūmarfjøs eller at utmarka vart innskift. Det var for å nytta betre ut beiteviddene.

13. Imhegningar eller kveer til krøtera har ikkje vore i bruk det ein veit. Men derimot hadde ein inn til for 70 år sidan særskilde grise-gjerder i utmarka om sūmaren. Disse var oppsette av stein og torv. Her gjikk grisene fritt omkring. Ein gong om dag bar ein mat til dei, elles sytte dei seg sjølve. Slike imhegningar til griser vart kalla kalla både grise-gjerde og grisetrø. Siste nemninga er sikkert eldst.

Grindgang eller kving er heilt ukjent.

Udyp har aldri fūmest på øyane i sfram, og gjatarar har det difor ikkje vore brukt for, anna enn til smålen, så han ikkje skulle koma på bøen, inn til den sida

9.
på forsømarer ^{at} ~~de~~ saueene vart sende på fjellbute i fjordane. Svar på sp. 14, 15, 16, 17 og 18 fell difor bort.

19. Disse orda er kjende i bygdemålet (slarams-målet): kve (kvi), trø, falle (uttala "fahle" - "saude=fahle"). Likeeins stø (stød) og støl. Kve og trø er namn på inngjerdingar. Falle er namn på grønnen med gjødsellaget i sauefjøsset. Stø og støl er stadnamn på engstykke og åkrar frå eldre tid. På same vis blir land og lende brukte som stadnamn. (Sjå under sp. 1.)

20. går ut.

21. Fiskeavfall og fare har alltid vori verdfull gjødsel. Sjå svar på sp. 7.

Småfisk, t. d. mort og småsild, var og nytta til gjødsel i åker, men like til eng. Slik småfisk vart blanda med mold kompost.

Tilleggs spørsmål om fiskebein til brensel.

Nei, ingen veit noko om at fiskebein og fiskehovud har vori nytta til brensel. Brensket var torv, som det for det meste er rikeleg av.

Tilleggs spørsmål til nr. 5: ~~de~~ bering